# REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

## 1. Innleiing

| Møtestad: Møterom Kyrkjefjellet, Volda rådhus | Dato: 29.4.2019, kl.09-9.45. |
|---|---|
| Deltakarar: | |
| Frå kommunen: | Frå forslagsstillar: |
| - Berit Sandvik Skeide, planleggar<br>- Heidi Istad, planleggar | - Kjell Arne Aurstad, JMC Holding AS<br>- Kåre Gjengedal, AG Plan og Arkitektur AS |
| | |
| | Andre: |

## 2. Generelle opplysningar

| |
|---|
| Namn/arbeidstittel (adresse/stadsnamn):<br>PlanID 2019001. Detaljreguleringsplan for Grevsneset, gbr. 31/1 |
| Plantype:<br>☐ Områdereguleringsplan<br>☒ Detaljreguleringsplan<br>☐ Reguleringsendring |
| Eigedom (gnr./bnr.): 31/1 |
| Plankonsulent: AG Plan og Arkitektur AS |
| Adresse: Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta |
| Fakturaadresse: Webjørn Svendsengt. 12, 6150 |
| E-post: firmapost@agplan.no |
| Tlf.: 70 06 16 00 |
| Forslagsstillar: JMC Holding AS |
| Nasjonal planID: 2019001 |
| Sakshandsamar i kommunen: Berit Sandvik Skeide |
| E-post: berit.sandvik.skeide@volda.kommune.no |
| Tlf.: 47 66 93 70 |

## 3. Føremål med planarbeidet

| |
|---|
| *«Målsettinga med planarbeidet er å få godkjent ein reguleringsplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare skal eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong inngå. Det visast til pågåande kommuneplanarbeid og til Fylkesmannen sitt vedtak med løyve til mottak og mellomlagring og knusing av returasfalt av 30.04.2018. Detaljar kring etterbruken av arealet fastsetjast under planprosessen og nedfellast i avtale mellom JMC Holding AS og grunneigar. Førebels er det lagt til grunn at tenleg areal planerast og ordnast til for å kunne disponerast til jordbruksareal/-føremål.»* |

## 4. Planstatus

| Plan | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| *Kommuneplanen sin arealdel* | I kommuneplan 1989-2000 er området lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot spreidd utbygging (LNF-sone A). Innanfor området kan ikkje byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknyting til landbruksnæringa tillatast.<br><br>I kommuneplanen som er under revisjon, inngår arealet i område BRU9-Grevsneset, råstoffutvinning.<br><br>I området/tilgrensande området er det edellauvskog med verdi svært viktig. Det er også registrert ein art av særleg stor forvaltningsinteresse (oter).<br><br>Tiltaket er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen sin arealdel med slik konklusjon: *«Omfanget av tiltaket vil truleg kunne ta omsyn til verdiane i området og  ikkje medføre store negative konsekvensar. Det må avklarast om tiltaket krev sikring mot skred. Det vil vere krav om RP for tiltaket. Forslaget kan imøtekomast på vilkår av avbøtande tiltak i RP.»* |
| *Reguleringsplan* | Området er ikkje regulert. |

## 5. Avklaring av planprogram

| Utløyser planen krav om planprogram, jf.§ 4-1 i PBL? Har planen vesentlege verknader for miljø og samfunn? | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| ☐ Ja<br>☒ Nei | Konsulent har gjort vurderingar knytt til vesentlege verknader, og konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om planprogram. Kommunen seier seg samd i denne vurderinga. |

## 6. Avklaring av konsekvensutgreiing (KU)

| Utløyser planen krav om KU, jf. § 4-2 i PBL? | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| ☐ Tiltaket krev KU | |
| ☐ Plankonsulent må gjere ei vurdering av om prosjektet utløyser krav om KU | |
| ☒ Tiltaket krev ikkje KU | Det vert vist til forskrift om konsekvensutgreiing. Ein finn ikkje grunnlag for å krevje konsekvens-utgreiing for tiltaket uti frå tilgjengeleg informasjon. |

## 7. Felles handsaming av plan- og byggesak

| Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggesak? | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| Nei | Ingen kommentar. |

## 8. Viktige planfaglege tema for arbeidet - førebels vurdering

| Følgjande tema må omtalast nærare av konsulent: | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| *Barn og unge sine interesser i planområdet* | |
| *Teknisk infrastruktur og trafikktilhøve* | Viktig å sikre at folk kan ferdast trygt på den gamle vegen. |
| *Sosial infrastruktur* | |
| *Miljøfaglege tilhøve (luft, støy, radon, geoteknikk)* | Viser til planinitiativet og geologisk vurdering lagt ved initiativet. |
| *Universell utforming* | |
| *Natur og ressursgrunnlag (landskap, naturmangfald)*<br>*Estetikk/typologi/byggeskikk* | Etterbruk/tilstelling av området må skildrast. |
| *Verneinteresser (biologisk mangfald, fornminne)* | Viser til planinitiativet. |
| *Risiko og sårbarheit (ROS) (flaum, rasfare)* | Det vil bli utarbeidd førebels ROS-skjema i samband med søknad om oppstart av planarbeid. |
| *Levekår og folkehelse* | |
| *Medverknad* | Viktig å sikre god medverknad frå naboar og andre som har interesser i området. |
| *Konsekvensar for miljø og samfunn* | Viser til planinitiativet. Vurderingar skal takast inn i planomtalen. |

## 9. Avgrensing av planområdet

| |
|---|
| Konsulent kjem med forslag til avgrensing av planområdet.<br>Godkjent avgrensing skal sendast konsulent ved utsending av referat frå oppstartsmøtet. |

## *10. Moment det er semje eller usemje om*

| Moment | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| Planprogram og KU | Ein er samde om at det ikkje er behov for planprogram og konsekvensutgreiing. |

## 11. Gjennomføring

| Aktuelle rekkefølgekrav: | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| ☐ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av kommunal-teknisk anlegg | |
| ☒ Krav om ferdigstilling/etterbruk av området | Det er viktig å lage tidsplan og setje tidsfristar. |

## 12. Oppstart av planarbeidet

| ☒ Kommunen rår til oppstart av reguleringsplanarbeid | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| ☐ Kommunen rår ikkje til oppstart av reguleringsplanarbeid | |
| ☐ Tiltakshavar kan be om at oppstart av reguleringsplan-arbeid vert lagt fram for politisk handsaming | |
| Planavgrensinga skal godkj. av kommunen før planarbeidet vert kunngjort. Godkjent avgrensing skal sendast til konsulent ved utsending av referat frå oppstartsmøtet.<br><br>Sak om varsel om oppstart av planarbeid skal leggjast fram for formannskapet til godkjenning. | |
| Annonsetekst, varslingsbrev, varslingsliste og ev. planprogram skal avklarast med kommunen før utsending | |

## 13. Komplett planforslag - innhald og materiell

| Materiell: | Merknad/kommentar: |
|---|---|
| Plankart i målestokk 1:1000 | |
| Reguleringsføresegner i PDF og Word-format | Kommunen ønskjer at de nyttar nasjonal mal for reguleringsføresegner https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/ |
| Planomtale med ev. KU i PDF og Word-format | Kommunen krev at ein følgjer sjekkliste for planomtale ved utarbeiding av planomtale *https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/* |

| | |
|---|---|
| ROS-analyse | Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt skjema kan nyttast. |
| Planprogram i PDF og Word | |
| Illustrasjonar og modellar | |
| Kopi av annonse planoppstart med påført dato | |
| Kopi av varslingsbrev | |
| Varslingsliste | |
| Dokumentasjon av samråds- og medverknadsprosess | |
| Merknader med konsulent sine kommentarar | |
| Kopi av utgreiingar, møtereferat, innspel etc. | |
| Plankart i gjeldande SOSI-format, jf. til ei kvar tid gjeldande Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister | |

## 14. Gebyr

Kommunen har orientert om kommunen sitt gebyrregulativ. Ved innsending av planforslag, skal konsulent oppgje fakturamottakar. Handsamingsgebyr (17 500) og arealgebyr (fast gebyr inntil 5001: 26 400, tillegg for kvar påbegynt 1000 m2 for areal mellom 5001-30 000 m2:1700). Informasjon om gebyr for 2019, finn de her: https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/bygg-eigedom-og-plan/gebyrregulativ-private-reguleringsplanar-og-dispensasjonar-2019/

## 15. Stadfesting

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentleg ettersyn, vert gjort av konsulent.

*Volda, 13.5.2019* *Berit Sandvik Skeide*

Stad og dato Sakshandsamar